

Luster 16.09.2019

Ref: 19/27640

Til Landbruksdirektoratet:

**Høyringsfråsegn frå Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje til «Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap»**

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje vil i samband med høyringa på ny forskrift peike på at verdsarvområdet Urnes har dei same utfordringane som verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap og at området rundt Verdsarvorådet Urnes stavkyrkje og må skrivast inn i § 2 forskrifa.

I høyringsnotatet står det at Verdsarvområda Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap er med i forskrifa fordi dei har store verdiar knytt til kulturlandskapet og at desse vert svekka utan aktiv jordbruksdrift.

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje meiner dette og i alle høgste grad gjeld for området kring Urnes stavkyrkje. Sjølv om innskrivinga på verdsarvlista i 1979 berre omfatta kyrkja og kyrkjegarden, er heile landskapet rundt ein viktig del av opplevinga og forståinga av kyrkja si soge, og den arven som me er satt til å ta vare på.

I dag er området kring kyrkja prega av aktiv landbruksdrift som gjev eit ope og storstått landskap. Utan dette landbruket vil område der kyrkja har stått i nesten 1000 år endre seg dramatisk og forringe både opplevinga av dei estetiske kvalitetane ved kyrkja, men også mogelgheita til å forstå kvifor ho står der ho står.

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje ber difor om at Verdsarvområdet Urnes stavkyrkje vert lagt til i § 2 i framlegget til ny forskrift.

Det vert no arbeidd med å få ferdig ein forvaltingsplan og ein buffersoneplan kring Urnes stavkyrkje. Når arealet for desse planane er fastsett bør tiltak innan for dette arealet omfattast av forskrifa. Vi ber difor om at ein i § 2 Virkeområde tek inn at forskrifa også gjeld for tiltak i landbruket rundt Urnes stavkyrkje. Dette området bør i første omgang avgrensast til å gjelde for Ornes. Når arbeidet med buffersoneplan og ny forvaltningsplan er ferdigstilt bør ein så vurdere å utvide området.

Med helsing  
Verdsarvårdet Urnes stavkyrkje  
Ved leiar Marit Aakre Tennø